



Kommunen gjorde i fjor ein prisverdig jobb med vegstubben mellom bussløpma og skulen. I samband med leggjing av ein vassleidning vart vegen opprusta og utvida og det kom nytt lys og asfalt. Men den eine sida av vegen vart ikkje asfaltert og no undrar folk på kvifor

Avdelingsingeniør Ivar Kåre Døssland kjem med forklaringa som ganske enkelt er at det skal bli fortau på denne sida. Det skal monterast opp ein asfaltkant og leggjast asfalt på innsida. -Og det skal skje til sommaren? -Eg kan ikkje seia når, du veit korleis det er med økonomien.

På biletet er vegen sett ifrå bussløpma

Foto: Ola Matti Mathisen